DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Adressatliste

| Dykkar ref. | Vår ref. | Dato |
|---|---|---|
| | 20/6087 - OKL | 15.02.2020 |

**Høyring – utkast til rettleiar om teieplikt, opplysningsplikt og opplysningsrett i forvaltninga**

Justis- og beredskapsdepartementet sender med dette på høyring eit utkast til ein tverrfagleg rettleiar om teieplikt, opplysningsplikt og opplysningsrett i forvaltninga.

Utkastet byggjer på ei utgreiing utført av professor ph.d. Morten Holmboe etter oppdrag frå Justis- og beredskapsdepartementet. Ei referansegruppe med medlemar frå fleire departement og underliggjande etatar kom med innspel undervegs. Dokumentet har seinare vorte tilarbeidd i samarbeid mellom Justis- og beredskapsdepartementet og Morten Holmboe.

Målet med denne rettleiaren er å gje uttrykk for gjeldande rett på dette viktige området, og at dette går fram på ein slik måte at dei ulike etatane og enkeltpersonane skal kunne finne ut kva som gjeld for nettopp dei, både av generelle og meir sektorspesifikke reglar. Det er mellom anna lagt vekt på å få fram når det gjeld opplysningsplikt uavhengig av eventuell teieplikt. Sjå elles punkt 1 i utkastet om bakgrunnen for rettleiaren.

Me ber om innspel til om desse nemnde momenta kjem tydeleg nok til uttrykk, og korleis det eventuelt kan seiast meir presist. Vidare ber me særleg om at høyringsinstansane spelar inn om dei mest relevante problemstillingane har kome med, og om det er noko sentralt som manglar. Her gjer me særleg merksam på at rettleiaren skal vera retta mot den handsaminga som skjer i praksis i dei ulike etatane, og difor


| Postadresse | Kontoradresse | Leveringsadresse | Telefon - sentralbord | Lovavdelinga |
|---|---|---|---|---|
| Postboks 8005 Dep | Gullhaug Torg 4A | Varemottak | 22 24 90 90 | Ole Knut Løstegaard |
| 0030 Oslo | 0484 Oslo | Akersgata 59 | Org.nr.: 972 417 831 | 22 24 53 39 |
| | | 0180 Oslo | | ole.knut.lostegaard@jd.dep.no |

ikkje kan vera for lang. Det vil difor ikkje vera rom for omfattande tillegg, men tekst kan endrast eller bytast ut.

Utkastet skal vera oppdatert når det gjeld sentrale lovendringar per 1. februar 2021. Framlegg som er eller har vore på høyring, men som til no ikkje er følgde opp med noko lovframlegg, er ikkje eller berre i liten grad omtala. Dette gjeld mellom anna NOU 2019: 5 om framlegg til ny forvaltningslov og høyringsframlegget frå Justis- og beredskapsdepartementet 2. september 2020 om større høve til deling av opplysningar som er omfatta av teieplikt. Eventuelle vedtekne eller fremja lovframlegg her vil bli omtala i den fyrste endelege versjonen av rettleiaren, som vil bli ferdigstilla etter denne høyringa, eller i seinare versjonar av han.

Me ber om høyringssvar seinast **måndag 12. april 2021**.

Med helsing

Ole Knut Løstegaard e.f.
lovrådgjevar

Maria Edvardsen
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur*